Førsteblad 1,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. Fylke: Buskerud.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Modum

Emne: Transport av høy. Bygdelag:

Oppskr. av: Jakob Andr. Samuelsen Gard: Åsen

(adresse): Sysle, alder 70 år G.nr. 71 Br.nr. 15

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste har je sjøl sett. Resten har je høyrt av folk i bygda. Eige merke J. A. S.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Namn på yms heimelsmenn i teksta. Svara er tenkt å høve for alle deiler av bygda, når ikkje anna er nemnd.

SVAR

Sp. 1. På mindre gardar og plassar frakta dei nok stundo høget på andre og uvandare måtar enn på dei gardane dei hadde hest. Men det kom seg mykkje an på korleis gardane låg til og kor lett eller vrangt det var å få lånt lagleg reidskap og hestar t.d. ved å svara bykarbeid som i anna var meir verd enn annan godtgjerdsle.

Det er mindre med utmarkslått no enn før; men gardar som enno driv litegran seterbruk, slår nok vollane enno.

Det var vonleg her helst deix mindre bruka som dreiv lengst med å anne i utmarka; men no er det liten skilnad soleis. I forknappe år er stundo den rike tråvkøyraren like hissig etter å få leige litt slått, som den som prøver å skaffe føring til ei kjør-geit. Nokon visse tider er her vandt å nemne. Slått i utmarka og seterstyr minka vel ettersom det vart vanleg å levere mjelka på meieria.

Den som ikkje åtte hest til høykøyringa, laut låne. Der lendet høvde drog dei nok, helst i gamal tid, høget heim på skimeikjelke. (ein)

Sp. 2. Var det sers stutt veg til løe (ei), stakk (ein) eller

turkeplass, bar dei høyet i kjemmer (ei) med riva (ei) eller i seinare tid i digre dottar på høygaffelen som dei då lot kvile på oksla.

Var det lengere stykker, bruka dei gogner som børsvølk (ein), taug (eit), berabør (ei) for to, trillebør og i nyare tid lette små handvogner på helst litt store hjul.

For å frakte råhøyet fram til henga var høygaffelen den vanlege reidskapen og seinare slepeeriva. Ei vanleg høyvogn med berre ei eller ingen grindar på vart nytta om vegen til henga (ei) var so lang at det lønte seg. Dei hengte då høyet like frå høyvogna.

Børsvolken (ein) (i Uvdal eit risband) hadde ei løkke i tunnaste enden, som dei sette tjukkenden imillom når børa var ferdig. Børsvølken vart boren over eine oksla – helst den vinstre om beraren ikkje var keivhendt.

Brukar ein taug, vert det helst lagt dobbelt so ein får faslar over båe eklann, og so held ein i dei to lause endane som ein tek over vinstre oksla.

Må ein ha hjølp til å få på seg børa, står hjølpesmannen attanfor og lettar i børa.

I eldre tid var det litt skildnad på kar og kvindfolkarbeid. Karfolka gjekk fyri med ei grov sterk rive, medan kvindfolka reinraka med ei lettare rive (Detta er helst minne fra Uvdal, men skikken gjekk nok vidare. Namn: Subberive eller kjemmerive og rakarive (ei)

Ungane var med i arbeidet etter som dei orka til.

Rulling i snorsekk var ukjend her og like eins løypestrengar.

Je har nok ein sjeldan gong sett at dei

121

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hadde ei lett trillebör laga av eit par rette staurar til armar, hjul og nokre tverrtreer millom armane. Denna gogna vart brukt til höykögring. Almindeleg trillebör med ein-uvand. karm festa til framsida inni kassa har og vöri nytta av sume. Ei gogn som den som her er tegna har nokk og vöri i bruk, utan at je kan si nerenare



om den.

Sp. 3. Det meste höyet i heimemarka vart köyrd i hus so snart det vart turt; men det har råkt, ratt til dei siste åra, at somme fekk meir höy enn dei hyste, og då sette dei stakkar i tunet.

Frå setrar og utslåtter vart höyet henta på vinterföre.

Sp. 4. Frå gamalt brukte dei nok både sommer og vinter höyslear med treskonings-meiar og vegmeiar på sidene for å hindre velting. Langremmane (ein) på slean hadde sjölvaksen krok framme som vart sidestötter i framkaren (no helst karmen). Slike sjölvakse remmar vart og brukt på den nyare gogna, hjulsledan, og på vanleg höyvogn, men der det vart tri remmar og tri uppstandarar i karmen vart det stundom berre midtremmen som hadde sjölvaksen krok. Både höyslear og vogner (ei) var det grindar på. Bakkarmen hadde uppstan-darar som var tappa inn i remmane.

Hjulsledane hadde stutte treskoningmeier framme og eit par hjul bak og var ellers bygd mest som sleane. Eldre folk minnes enno både höyslear og hjulslear.

No i lang tid har höyvogna med 4 hjul helde seg mest som ho no er. Dei sjölvaksne

121

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

remmane er no sjeldan å sjå og jarninga skiftar frå smed til smed og etter ynske frå eigaren. Dei ymse fabrikkar kjem og med ymse gjerder soleis.

Storleiken på høyvogna skiftar og mykkje etter som gardane er flate og bratte. Grindene var nokonlunde eins alle stader, somme hadde sjølvvaktkrok framme.

Noka vedtekter om kor dei hadde lov til å køyre med hjul eller slea har visst aldri fannis, fullt so atale folk bur det ikkje i denna bygda. J. A. S.

Gustav Sverrestola (skreiv seg sidan Skinsta) død i fjor ikring 75 år gamal, fortalde meg: „Hjulsledar til høykøyring vart brukt til 1914 i Finnemarka på Modum.

Meiane var på lag som små stuttingsmeiers (ein stutting) med klosser på. Framst var meiane sette ihop med huetreet (eit huetre) Remmane, som var bandne ihop med tverrtreer, var framst festa til meiane med naglar som gjekk __mellom__ (gjennom) remmen, klossen og meien. Midt i huetreet var det eit hol for __jarnviua__ i ei vanleg dråg. Framme å bak hadde karmane uppstandarar som siegrindane (ei) var fest til. (




Ei jarnviu. (Namnet tyder at dei nytta ei viuhork tidlegare). Sjå nedafyre*)

Til å køyre varor innover skogane der det var vegalaust nytta dei nokon doningar av lange litt bøygde rajer (ei) med ein lem på midten som stødde seg til tverrtreer." På denna doningen kunna dei nok au frakte med høy i bunter eller sekkar. J. A. S.



*Hjulakselen vart sett langt innunder karm og skruva fast til remmane. G. S.

121

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hjulsledar til høykøyring vart brukt på Simo-
stranna (Modum) for ikring 40 år sia, helst på små
gardar. Etter Jens Løbben (ikr. 50 år)

Før lesste dei med rive, som dei tok store
kjemmer med. Vel helst inne på låven, hadde
dei trekluft (ei) til avlessinga. Slike såg je sjøl
i bruk på Jarlsberg hovudgard under siste kri-
gen. Dei fyrste høygaflane vart her på Modum
nemnd jarnkluft (ei) (jamnfør jarnvier. Sjå ovafyre)

No brukar dei mest bare høygaffel både til
henging av høy og på og avlessing.

Eit vanleg høylass [10] kan vera på ikring 2 skippund.
Ellers skiftar størrelsen og tyngda etter som
lendet er og vidda på låvedørene.

Har ikkje høyrd noko om skildnad
millom siste lasset og dei andre.

Har ikkje høyrd anna enn dei skulle
raka vel med seg; anna var rekna for slurv.

Men på Prestgarden i Uvdal låg det for ikring
60 år sia jamt att ein eller anna liten såtedott
som ikkje vart teke inn. Vi la det ut som
gløymsle, men seinare har je lurt på om det var
etla att med vilje. I Njåla kan lesa at dei nytta ei
slik høysåte då dei skulle svi av huset over hue på
sine høgvyrde grannar.

Over lasset la dei tengestong (ei Modum. Benderå
ei, Uvdal) Tengestonga hadde eit kakk i
tjukkenden, som vart tredd inn i ein ring
i karmen framst på vogna. I den smale
enden var ein liten, tekkjestubb med ein krok
i som vart hekta vedi ein av pinnane i bak-
karmen. Det råkte nok dei gjurde med tog au.

Det råkte dei herover brukte to hestar for høy-
vogna, men det var ikkje mange stader (Skaterud)

121

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

Til vinterkøyring hadde dei ein laushøykarm med grindar på som dei festa til langslear-treskonning- eller seinare *) jarnskonning-slear. Dei festa og karmen til tømmerdoningane: stutting og dubb, nyare namn: bukk og geit, - geitedoning.

Det vert nok tala om sommerlass og vinterlass, men no på lang tid har det ikkje vóri slik trafikk med høykøyring at det vert visse mal på dei.

Sp. 5. Samslått har det vóri lite av på desse kantane. Frå setrane køyrde dei nok høyet på vinterføre. Der slåttene låg nære kvarandre køyrde dei nok ofto samstundes og hjelptes åt med brøytinga. Den som hadde mest anvindt med å få arbeidet gjort, gjorde nok upptak med å få det i sving. So vart det i minsto fortalt meg om liknande tiltak på Ringerike

Spursm. 6. Sjå under 4 og 5. Det er lite av slikt arbeid her no; men i grannbygda Krødsherad høyrde je om høyhenting frå Vassendrudsetra: „På Vassendrud var det jamt 12 hestar i fylgje når dei henta heim høyet frå setra. Det var 11 husmenner og ein mann frå garden som var med på den ferda, og dei var jamt rusta vel ut til turen med både mat og brennevin."

Etter skomaker Bevikmoen.

Gamle folk sa kar om rygstødet tr. ein stol og om karane (no karmane) framme og bak på høysledar.

Etter Harald Bolstad (40 år)

August Skuterud fortalde om høysledar med vegmeier.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
121